

# Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (åpenhetsloven)

*Lova seier at det skal gjerast ei årleg revisjon av rapporten knytt til Jærmuseet sitt arbeid med grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Rapporten for 2024 bygger på rammeverket som blei utarbeidd i 2023. Det er teke ei ny vesentlegheits-vurdering, der ein har henta ut statistikk på dei 20 største leverandørane, og bygd vidare på ROS-analysen som var grunnlaget for vurderingane i 2023.*

## Innleiing

Openheitslova tredde i kraft 1.juli 2022 og gjeld større verksemder som høyrer heime i Noreg. Lovas formål er følgjene(lovteksta er omtalt i bokmåls form):

*Loven skal fremme virksomheters respekt for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold i forbindelse med produksjon av varer og levering av tjenester, og sikre allmennheten tilgang til informasjon om hvordan virksomheter håndterer negative konsekvenser for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold*

Jærmuseet kjem under lova sin definisjon og må derfor forhalda seg til lovverket. Styret i Jærmuseet løyva administrasjonen fullmakt til å utarbeida retningslinjer som gjer at me oppfyller lova sine krav. Arbeidet med lova kan delast inn i 3 deler:

- Plikt til å utføra aktsemdsvurderingar
- Plikt til å greie ut om desse vurderingane
- Plikt til å levera ut informasjon knytt til korleis me handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar som måtte koma ut av vurderingane

## Vurdering av aktsemd

Når det gjeld vurdering av aktsemd kan dette delast inn i to hovuddelar:

1. Vurdering av Jærmuseet sine egne forhold. Dette vil gjelda både Jærmuseet si kjerneverksemd, samt arbeidsforhold til egne tilsette.
2. Vurdering av Jærmuseet sine samarbeidspartar, her under sponsorar og leverandørar.

## Resultat av vurderingane

1. I kraft av å vera eit museum/vitensenter er Jærmuseet si kjerneverksemd formidling av kunnskap og forvaltning av lokal/regional kultur og industrihistorie. Ein kan vanskeleg hevda at ei slik verksemd er bygd for å bidra til negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar. I tillegg er me som offentleg støtta instans gjenstand for jamleg kontroll og rapportering. Samstundes ligg det eit visst ansvar i det å vera ein nøytral formidlingsaktør og kunnskapsinstitusjon. Med eit aukande fokus på økonomisk, klima og sosial-berekraft må me heile tida vega nøye kva og korleis me formidlar tema som til ei kvar tid er samfunnsaktuelle. Kanskje har me eit like stort ansvar for å førebygga brot på menneskerettar som å unngå å bryta dei.

Når det gjeld arbeidsforhold for egne tilsette må me hugsa på at me bur i eit land med gode tradisjonar for trygge rammar. Noreg har tydelege lovar som regulerer forholda til dei tilsette og eit sterkt og tilstadeverande arbeidstilsyn. Jærmuseet er i tillegg underlagt ein offentleg tariffavtale der fleirtalet av tilsette er representert av tillitsvalde.

2. Me har som i 2023 teke utgangspunkt i dei leverandørane som me har ei «vesentleg» omsetning med. ROS-analysen tek derfor for seg dei 20 største leverandørane våre. Me har gjort nokre endringar i analysen, der me for 2024 i tillegg til egne vurderingar, følgjer anbefalingar frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. Dei har laga ei liste over produktkategoriar som har høg risiko for brot på menneskerettar i leverandørkjeda. Me har endra på matrisa i ROS-analysen, der leverandørane nå vert sortert på land, produktkategori og kompleksiteten i leverandørkjeda. Produktkategoriane i høgrisiko-lista er ikkje uttømande, og me har derfor lagd til kategoriar der det er naudsynt. Lista er publisert på følgjande nettstad:

<https://anskaffelser.no/berekraftige-anskaffingar/menneskerettigheter/hoyrisikolisten>

Som førre år har me vurdert risikoen etter tre gradar; låg, medium og høg. ROS-analysen inneheld også ei rubrikk for om leverandøren har teke stilling til openheitlova på nettstaden og ei rubrikk for graden av påverknad Jærmuseet har på den aktuelle leverandør.

*Risikoanalysen er unntatt offentlegheita og blir derfor ikkje publisert saman med rapporten.*

Risikoanalysen syner at dei aller fleste av dei store leverandørane er selskap som har kontor i Noreg og derfor er underlagt norsk lovverk. Noreg har eit sterkt arbeidstakarvern og strenge føringar i arbeidsmiljøloven. Det betyr ikkje at ein kvar handel med norske selskap ikkje har risiko knytt til menneskerettar og dårlege arbeidsforhold, men dei prosessane som skjer her i landet vil ha særleg låg risiko for brot på denne typen forhold.

Når det gjeld produktkategoriar syner ROS-analysen at det er fleire leverandørar som scorar høgt på risiko. Dette gjeld spesielt dei leverandørane som hamnar i kategoriane IKT-produkt/tenester, Bilar og køyretøy, Matvareleverandør, Leikeutstyr og Bygg/anlegg.

*IKT-produkt:* Her skil ein typisk mellom tenesteleveranse og produktleveranse. Medan tenesteleveranse som ligg i Noreg har låg grad av risiko, vil produktleveransen ha høg risiko. Datakomponentar har ei komplisert leverandørlinje der produksjon skjer i Kina og asiatiske land. Dei aktuelle leverandørane syner ei bevisst haldning til risikoen og har teke stilling til dette på nettstaden. Jærmuseet har middels til låg påverknadsgrad hjå dei aktuelle leverandørane.

*Bilar og køyretøy:* Igjen så skil ein mellom tenesteleveranse og produktleveranse. Medan tenesteleveransen skjer i Noreg, er produktet satt saman av tusenvis av komponentar frå heile verda. Denne delen av leveransen scorar høgt på risiko. Alle leverandørane omtalar openheitslova og arbeidar mot å vera ein ansvarleg leverandør. Jærmuseet har låg grad av påverknad.

*Matvareleverandør:* Jærmuseet sel mat i kafé og ved arrangement, og har ein stor leverandør på lista i ROS-analysen. Matvareproduksjon er i enkelte land knytt til stor risiko for til dømes barnearbeid. Den aktuelle leverandøren har gjort eit omfattande arbeid knytt til problemstillinga og har publisert dette på nettstaden.

*Bygg/anlegg:* Også her vil me måtta skilja på type leveranse. Den delen som handlar om byggtjenestar er omfatta norsk arbeidsmiljølov og scorar lågt på risiko. Når det

gjeld leveransen av materialar så er risikobiletet noko meir ukjent. Me veit lite om kvar materialane kjem frå og desse leverandørane har lite informasjon på nettstaden. Når det gjeld trevarer så er dette kategorisert som middels risiko, medan elektriske komponentar, metall og stein har høg risiko i utvinning og produksjonsfasen. Jærmuseet har varierende grav av påverknad her, alt etter storleiken på leverandørane.

*Leikeutstyr:* Jærmuseet har 3 mindre butikkar som sel leiker og leikeeksperiment. Denne typen produkt er ofte produsert i Asia under forhold som ikkje svarar til norsk standard kva gjeld arbeidsforhold. Ein av leverandørane er omfatta av ROS analysen, sjølv om kjøpsomsetninga er relativt liten og handelen sporadisk. Det er lite informasjon knytt til leverandør-kjeda på deira nettstad, Jærmuseet vil sjå nærare på kva alternativ me har til denne typen produkt og leverandørar i framtida.

Risikoanalysen syner at dei aller fleste store leverandørane våre er norske selskap eller har kontor i Noreg. Desse er underlagt norske lovar og forskrifter, og må forhalda seg til arbeidsmiljøloven og arbeidstilsynet. Samstundes er det fleire av desse som nyttar/leverer produkt som kjem i høgrisikogruppa, der leverandør-kjedene er kompliserte og har ukjende faktorar. Jærmuseet er ein liten aktør relativt sett og har liten grad av påverknad på desse. Samstundes har me ei plikt til å sjå nærare på desse og kva haldning dei har til arbeidet for å fremma menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dei aller fleste som scorar høgt på risiko har sjølv gjort eit arbeid knytt til openheitslova, der dette er publisert på nettstaden deira. I dei tilfella der me identifiserer risiko og ikkje finn god informasjon knytt til deira vurderingar av produksjon og underleverandørar, vil me ta kontakt og vurdere alternative leverandørar.

Jærmuseet har og fleire samarbeidspartar som bidreg med større og mindre summar på inntektssida. Desse kan delast inn i to kategoriar:

- a) Stiftingar, legat og liknande som bidreg med sporadiske beløp. Beløpa her kan variera mykje i storleik, dei kjem ofte frå stiftingar med strengt lovverk og høg etikk og ber ikkje preg av eit formelt samarbeid. Med bakgrunn i dette er det ikkje hensiktsmessig å nytta tid og ressursar på å gå gjennom desse.
- b) Selskap som bidreg med faste sponsormidlar, og får gjenytingar som til dømes profilering. Her har Jærmuseet eit formelt samarbeid gjennom ein avtale, der verdien varierer i stor grad. Desse ber preg av eit formelt samarbeid og er ofte avtaler med relativt høg verdi der Jærmuseet kan ha ein viss grad av påverknad. Som i 2022 hadde me i 2023 fem bidragsytarar som kan seiast å koma inn i denne

kategorien. Tre av desse er knytt til global handel innanfor oljeverksemda. Samtlege av desse har utarbeid dokument som omtalar berekraft, der menneskerettar og arbeidsvilkår er omtalte fokusområde som dei jobbar for å betra. To er knytt til lokal eller nasjonal verksemd innanfor produktområde som har låg risikovurdering. Ein har eit produktområde som har middels risikovurdering, men er samstundes ein nasjonal aktør som omtalar lova på nettsida deira. Me sendte ein førespurnad til det aktuelle selskapet og bad om informasjon knytt til deira handtering av lova. Selskapet svarta kort tid etter der det kom fram at dei tok lova på alvor, hadde gjort gode aktsemdsvurderingar og samstundes jobba vidare med sine rutinar for å avdekka risiko i eigne leverandørledd.

## **Informasjonsplikt**

Lova seier også noko om Jærmuseet si plikt til å informera om dei aktsemdsvurderingane me til ein kvar tid har gjort. Ein kvar instans eller person som kjem med ein førespurnad skal få svar på desse. Jærmuseet si plikt strekk seg ikkje lenger enn til det ein faktisk har avdekka av relevant informasjon knytt til faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar. Førespurnaden må gjerast skriftleg og skal rettast til [post@jaermuseet.no](mailto:post@jaermuseet.no). Jærmuseet pliktar å svarta innan rimeleg tid og seinast innan tre veker etter at informasjonskravet er retta.